



Toffen Gunnufsen vert intervjuet av Asbjørn Slettemark

**Toffen Gunnufsen, ein av dei mest kjende festivalarrangørar i landet, trudde Festidalen var større. Det innømte han i eit spenstig intervju med Asbjørn Slettemark under næringsseminaret i Aktivitetshuset i ettermiddag. Men han slo samstundes fast at han har stor tru på festivalar med mellom 1500 og 6000 besøkjande.**

**Blant positive faktorar ved vår festival tok han mellom anna fram at heile bygda er så sterkt engasjert. 100 har vore med på seminaret melder sponsorgeneral Odd Steinar Arnesen**



[Frederic Hauge gjorde sterkt inntrykk](#)

Dagen med næringsliv og kultur i fokus opna med at den freda ferja Skånevik la til Sandakaien med 22 passasjerar frå Leirvik. Det er fyrste gongen ho har vore her og ho vart skikkeleg motteken av lokale trubadurar med trekkspel og gitar.

Det var relativt mange på kaia då ferja kom klokka 12.30 og stemningen minte om gamle dagar då folk stilte opp når båten kom.

Men Skånevik har i alle fall ein link hit ettersom Olav Myklebust i sin tid var maskinsjef på båten, Han er fødd og oppvaksen på Sanden,

Næingsseminaret var velorganisert og innhaldsrikt - som i fjor. Sponsorgeneralen var ubeskjeden nok til å slå fast at dei har

gjort ein god jobb ettersom dei har 27 sponsorar. Og seminaret var meint som eit symbol på alt det gode som vert skapt i møtet mellom kulturlivet og næringslivet. Det tilfører festivalen ein ny dimensjon.

Fyrst ut av føredragshaldarane var Oddvar Hårde frå firmaet Zpirit som ikkje er i tvil om at ein kan planleggja godt omdømme, god profil og gode resultat.

Toffen Gunnufsen fortalde sprudlande om eit mangfaldig festivalliv og påpeika ikkje minst mangelen på armslag som ein hemmande faktor..

Men størst inntrykk gjorde Bellonas Frederic Hauge som slo fast at det vert resultatlar hvis ein står på. Han var innom mange miljøprosjekt som Bellona har hatt ei lukkeleg hand om til slutt, men teikna og eit svært skræmmande bilete av den aktuelle situasjon - ikkje minst nedsmeltinga av Grønland. Då var miljøbilproduksjon eit meir positivt prosjekt.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



MF Skånevik ved kai her i bygda for fyrste gong